



DET KONGELEGE
BARNE- OG LIKESTILLINGSDEPARTEMENT

Prop. 40 S

(2009–2010)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

Om endringar i statsbudsjettet for 2009 under Barne- og likestillingsdepartementet

*Tilråding frå Barne- og likestillingsdepartementet av 13. november 2009,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Stoltenberg II)*

1 Innleiing

I denne proposisjonen legg Barne- og likestillingsdepartementet fram endringsforslag på statsbudsjettet for 2009 i samsvar med punkt 2 nedanfor.

2 Endringsforslag

Kap. 840 Krisetiltak

Post 60 Tilskot til krisesenter, overslagsløyving

Tilskotet til krisesentra i 2009 er rekna til å bli 11 mill. kroner høgare enn løyvinga i vedteke budsjett. Venta utbetalingar i 2009 tilsvarar ein nominell auke på om lag 11 prosent frå rekneskapen for 2008. Meirforbruket utover saldert budsjett 2009 kjem mellom anna av auka personalkostnader grunna lønnsvekst og fleire tilsetjingar av frivillige i faste stillingar. Fleire senter har òg utvida og rehabilitert lokala sine.

Departementet føreslår å auke løyvinga under kap. 840 post 60 med 11 mill. kroner.

	(i 1000 kr)
Rekneskap 2008	158 666
Løyving 2009	165 000
Forslag til tilleggs-løyving	11 000

Kap. 842 Familievern

Post 01 Driftsutgifter, kan nyttast under post 70

Departementet føreslår å redusere løyvinga med 200 000 kroner som inndekning for lågare inntekter enn budsjettet under kap. 3842, post 01, jf. omtale under denne posten.

	(i 1000 kr)
Rekneskap 2008	180 515
Løyving 2009	193 190
Forslag til tilleggs-løyving	-200

Kap. 844 Kontantstøtte

Post 70 Tilskot, overslagsløyving

Utgiftene til kontantstøtte i 2009 er rekna til 1 515 mill. kroner, som er 23 mill. kroner meir enn løyvinga i vedteke budsjett. Meirbehovet kjem av at det er fleire barn i kontantstøttealder og færre barn i barnehage enn lagt til grunn for anslaget i vedteke budsjett. I tillegg til at det er fleire barn med kontantstøtte, er det høgare gjennomsnittleg utbetaling per barn.

Departementet føreslår å auke løyvinga under kap. 844, post 70 med 23 mill. kroner.

	(i 1000 kr)
Rekneskap 2008	1 690 236
Løyving 2009	1 492 000
Forslag til tilleggs-løyving	23 000

Kap. 840, 842, 844, 845, 846, 847, 850, 852, 854, 855, 856, 857, 2530, 3842, 3850,
3854, 3855, 3856

Kap. 845 Barnetrygd*Post 70 Tilskot*

Utgiftene til barnetrygd i 2009 er rekna til 14 800 mill. kroner, 80 mill. kroner meir enn løyvinga i vedteke budsjett. Meirbehovet kjem i hovudsak av auka anslag på utbetalingar av ordinær barnetrygd, utvida stønad til einslege forsørgjarar og ein større vekst i etterbetalingane enn føresett i vedteke budsjett.

Departementet føreslår å auke løyvinga under kap. 845, post 70 med 80 mill. kroner.

	(i 1000 kr)
Rekneskap 2008	14 558 364
Løyving 2009	14 720 000
Forslag til tilleggsløyving	80 000

Kap. 846 Forskings- og utgreiingsverksemd*Post 50 Forsking, kan nyttast under post 21*

Departementet føreslår å setje ned posten med 305 000 kroner som inndekning for meirforbruk på kap. 846, post 72.

	(i 1000 kr)
Rekneskap 2008	15 570
Løyving 2009	10 996
Forslag til tilleggsløyving	-305

Post 72 Tiltak for lesbiske og homofile

Departementet føreslår å auke posten med 305 000 kroner mot tilsvarande nedjustering av post 50.

	(i 1000 kr)
Rekneskap 2008	7 560
Løyving 2009	7 593
Forslag til tilleggsløyving	305

Kap. 850 Barneombodet*Post 01 Driftsutgifter*

Gjeldande budsjett på posten er 10,4 mill. kroner. Barneombodet har fått 316 000 kroner til følgjande tre prosjekt:

- Etablering av barneombodsliknande institusjonar i Kina.
- Mekanismar for å tryggje ivaretaking av barns rettar i samfunnet.
- Konfliktråd/meklingsprosjekt i Kina.

I 2009 har Barneombodet teke initiativ til prosjektet *Skjønner du hva jeg mener?*, der ungdom gjen-

nom kunstnariske uttrykk skal formidle sitt tilhøve til det norske språket. Midlane på til saman 145 000 kroner frå den nedlagte stiftinga *Framtidsfondet*, vil bli nytta i samband med prosjektet. Prosjektet skal gjennomførast i samarbeid med andre aktørar.

Departementet føreslår derfor å auke kap. 850, post 01 med 461 000 kroner, tilsvarande auken under kap. 3850, post 01.

	(i 1000 kr)
Rekneskap 2008	10 346
Løyving 2009	10 383
Forslag til tilleggsløyving	461

Kap. 852 Adopsjonsstønad*Post 70 Tilskot til foreldre som adopterer barn frå utlandet, overslagsløyving*

Gjeldande budsjett for 2009 på posten er 20,0 mill. kroner. Talet på adopsjonar og utbetalingane til adopsjonsstønad er lågare enn tidlegare lagt til grunn. Hovudgrunnen til nedgangen er at samarbeidsland har frigitt færre barn for adopsjon til utlandet enn tidlegare, samtidig som talet på adopsjonssøkjjarar internasjonalt aukar. Departementet ventar at det blir adoptert 325 barn totalt i 2009. Talet på adopsjonar i 2009 ligg dermed på om lag same nivå som i 2008.

Departementet føreslår å redusere kap. 852, post 70 med 7,0 mill. kroner.

	(i 1000 kr)
Rekneskap 2008	12 531
Løyving 2009	20 045
Forslag til tilleggsløyving	-7 045

Kap. 854 Tiltak i barne- og ungdomsvernet*Post 21 Spesielle driftsutgifter*

Løyvinga på posten er på 54,4 mill. kroner i 2009. Av dette er det sett av 8,0 mill. kroner til tilrettelegging av butilbod for unge under 18 år som er offer for tvangsekteskap.

Prognosen for 2009 tilseier utgifter på 4,5 mill. kroner til tiltaket på posten. Bufetat har etablert butilbod for unge utsette for tvangsekteskap. Årsaka til mindreforbruket er at behovet for butilbodet har vore mindre enn forventa.

Departementet føreslår å redusere posten med 3,5 mill. kroner

	(i 1000 kr)
Rekneskap 2008	37 622
Løyving 2009	54 393
Forslag til tilleggsløyving	-3 500

Post 64 Særskilt tilskot ved busetting av einslege, mindreårige asylsøkjara og flyktningar, overslagsløyving

Gjeldande budsjett i 2009 er på 192,9 mill. kroner. Posten dekkjer det særskilte tilskotet som vert utbetalt til kommunane når einslege, mindreårige flyktningar og asylsøkjara er busette. Utgiftsnivået i 2009 er rekna til om lag 148 mill. kroner, basert på ein prognose der 500 nye busette utløyser tilskot.

Departementet føreslår derfor å redusere løyvinga på posten med 44,9 mill. kroner.

	(i 1000 kr)
Rekneskap 2008	92 036
Løyving 2009	192 863
Forslag til tilleggsloøyving	-44 863

Post 65 Refusjon av kommunale utgifter til barneverntiltak knytte til einslege mindreårige asylsøkjara og flyktningar, overslagsløyving

Løyvinga skal dekkje refusjon av kommunale utgifter til barneverntiltak inkludert utgifter til bufelleskap og refusjon av utgifter for plassering i statlege tiltak eller ved kjøp av private plassar. Utgiftsnivået på posten avheng av kor mange barn som blir busette i kommunane og kor stor del av alle einslege, mindreårige asylsøkarar og flyktningar som har behov for barnevernteneste. Basert på prognosane frå Bufdir om venta utbetalningar i 2009, føreslår departementet å auke løyvinga på posten med 31,1 mill. kroner.

	(i 1000 kr)
Rekneskap 2008	225 968
Løyving 2009	268 910
Forslag til tilleggsloøyving	31 090

Kap. 855 Statleg forvaltning av barnevernet

Post 01 Driftsutgifter, kan nyttast under post 22 og post 60

Etter forslag i St.prp. nr. 67 (2008-2009) Tilleggsbevilgninger og omprioriteringar i statsbudsjettet 2009, blei løyvinga til det statlege barnevernet auka som følgje av klientvekst og utgiftsnivået frå 2008. Siste halvår 2009 har utgiftene per opphaldsdag auka meir enn det som vart sett føre i St.prp. nr. 67 (2008-2009). Tildelinga på posten er på 2 985,3 mill. kroner. Prognosen tilseier ein totalutgift for 2009 på 3 128,3 mill. kroner og meirbehovet på posten utgjir dermed 143,0 mill. kroner.

Departementet føreslår å auke kap. 855, post 01 med 143,0 mill. kroner.

(i 1000 kr)

Rekneskap 2008	2 988 135
Løyving 2009	2 985 257
Forslag til tilleggsloøyving	143 000

Post 45 Større nyanskaffingar og vedlikehald, kan overførast

Tildelinga på posten er på 63,3 mill. kroner. Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet har sett i verk investeringsstopp for å redusere meirutgiftene på kap. 855. Forbruk per andre tertial 2009 er på 22,4 mill. kroner og prognosen for totalforbruket ut året er på 32,0 mill. kroner.

Departementet føreslår å redusere kap. 855, post 45 med 31,3 mill. kroner.

(i 1000 kr)

Rekneskap 2008	32 203
Løyving 2009	63 288
Forslag til tilleggsloøyving	-31 288

Kap. 856 Barnevernets omsorgssenter for einslege, mindreårige asylsøkjara

Post 01 Driftsutgifter

Som følgje av auken i talet på einslege, mindreårige asylsøkjara er det behov for fleire plassar i omsorgssenter for denne gruppa enn tidlegare føresett. Prognosen tilseier at det i 2009 vil vere eit gjennomsnittleg belegg på 220 einslege, mindreårige asylsøkjara i omsorgssentra. Dette fører til auka driftsutgifter på 53 mill. kroner i 2009.

Departementet føreslår å auke kap. 856, post 01 med 53,0 mill. kroner.

(i 1000 kr)

Rekneskap 2008	182 826
Løyving 2009	383 911
Forslag til tilleggsloøyving	53 000

Kap. 857 Barne- og ungdomstiltak

Post 21 Spesielle driftsutgifter

På kap. 857, post 71 er det tildelt midlar til drift og utvikling av innhald og tenester på nettstaden *ung.no*. Ein del av utgiftene til drift og utvikling av nettstaden er lønnsutgifter. For å sikre rett posterings føreslår departementet å omdisponere tildelinga frå kap. 857, post 71 til kap. 857, post 21.

Departementet føreslår derfor å auke løyvinga på kap. 857, post 21 med 0,4 mill. kroner og å redusere løyvinga på kap. 857, post 71 tilsvarande.

	(i 1000 kr)
Rekneskap 2008	2 243
Løyving 2009	2 217
Forslag til tilleggsloøyving	400

Post 71 Utviklingsarbeid, kan nyttast under post 50

Departementet føreslår å redusere løyvinga under kap. 857, post 71 med 0,4 mill. kroner og å auke løyvinga under kap. 857, post 21 tilsvarende, jf. omtale under kap. 857, post 21.

	(i 1000 kr)
Rekneskap 2008	10 699
Løyving 2009	10 696
Forslag til tilleggsloøyving	-400

Kap. 2530 Foreldrepengar*Post 70 Foreldrepengar ved fødsel, overslagsloøyving*

Utgiftene til foreldrepengar ved fødsel i 2009 er anslått til 12 940 mill. kroner, som er 714,5 mill. kroner meir enn løyvinga i vedteke budsjett. Venta meirutgifter kjem av eit høgare overslag på talet på fødsler og auka overslag på lønnsveksten frå 2008 til 2009. I tillegg til dette kjem utbetaling av restansar på 440 mill. kroner.

Departementet føreslår å auke løyvinga under kap. 2530, post 70 med 714,5 mill. kroner.

	(i 1000 kr)
Rekneskap 2008	11 576 808
Løyving 2009	12 225 500
Forslag til tilleggsloøyving	714 500

Post 71 Eingongsstønad ved fødsel og adopsjon, overslagsloøyving

Utgiftene til eingongsstønad i 2009 er rekna til 435 mill. kroner, som er 35 mill. kroner meir enn løyvinga. Meirbehovet kjem av fleire utbetalingar av eingongsstønad enn føresett i vedteke budsjett, medrekna restansar.

Departementet føreslår å auke løyvinga under kap. 2530, post 71 med 35 mill. kroner.

	(i 1000 kr)
Rekneskap 2008	392 296
Løyving 2009	400 000
Forslag til tilleggsloøyving	35 000

Post 72 Feriepengar av foreldrepengar, overslagsloøyving

Dei samla utbetalingane av feriepengar i 2009 er på 360 mill. kroner, som er 15 mill. kroner meir enn løyvinga i vedteke budsjett.

Departementet føreslår å auke løyvinga under kap. 2530, post 72 med 15 mill. kroner.

	(i 1000 kr)
Rekneskap 2008	312 659
Løyving 2009	345 000
Forslag til tilleggsloøyving	15 000

Post 73 Foreldrepengar ved adopsjon, overslagsloøyving

Utgiftene til foreldrepengar ved adopsjon i 2009 er anslått til 70 mill. kroner, som er 30 mill. kroner mindre enn løyvinga i vedteke budsjett. Den årlege nedgangen i talet på adopsjonar held fram også for inneverande år, på grunn av at færre barn er tilgjengelege for adopsjon frå utlandet.

Departementet føreslår å redusere løyvinga under kap. 2530, post 73 med 30 mill. kroner.

	(i 1000 kr)
Rekneskap 2008	85 058
Løyving 2009	100 000
Forslag til tilleggsloøyving	-30 000

Kap. 3842 Familievern*Post 01 Diverse inntekter*

Inntektene under posten er knytte til kurs, rettleiing mv. i familievernnet. Tal for andre kvartal tyder på ei mindreinntekt på 200 000 kroner i høve til budsjettet. Departementet føreslår å setje ned inntektene på posten med 200 000 kroner, jf. inndekning under kap. 842 post 01.

	(i 1000 kr)
Rekneskap 2008	1 137
Løyving 2009	900
Forslag til tilleggsloøyving	-200

Kap. 3850 Barneombodet*Post 01 Diverse inntekter*

I tråd med omtale under kap. 850, post 01 føreslår Barne- og likestillingsdepartementet å auke inntektene med 461 000 kroner.

	(i 1000 kr)
Rekneskap 2008	300
Løyving 2009	
Forslag til tilleggsloøyving	461

Kap. 3854 Tiltak i barne- og ungdomsvernet*Post 04 Refusjon av ODA-godkjende utgifter*

Dei ODA-godkjende utgiftene er rekna til å utgjere om lag 44,9 mill. kroner i 2009, noko som er 21,5 mill. kroner mindre enn tidlegare lagt til grunn.

Departementet føreslår å redusere kap. 3854, post 04 med 21,5 mill. kroner.

	(i 1000 kr)
Rekneskap 2008	14 904
Løyving 2009	66 423
Forslag til tilleggsloøyving	-21 523

Kap. 3855 Statleg forvaltning av barnevernet*Post 01 Diverse inntekter*

Inntektene på kapittel 3855, post 01 gjeld ulike prosjekt og tiltak, mellom anna refusjonar for klientutlegg og utgiftsdeling med andre statlege verksemdar. Sidan 2006 er talet på barn og unge plasserte i institusjon redusert med om lag 11 prosent, og dette vil redusere refusjonane for klientutlegga. Inntektskravet på kapittel 3855, post 01 er på 40,6 mill. kroner i 2009. Prognosen per andre tertial tilseier inntekter på 24,5 mill. kroner for 2009, noko som er 2,8 mill. kroner lågare enn inntektene i 2008.

Departementet føreslår å redusere inntektene på kap. 3855, post 01 med 16,1 mill. kroner.

	(i 1000 kr)
Rekneskap 2008	27 299
Løyving 2009	40 570
Forslag til tilleggsloøyving	-16 070

Post 03 Refusjon for einslege, mindreårige asylsøkjarrar og flyktningar

Posten omfattar refusjonar utover den kommunale eigendelen for utgifter til einslege, mindreårige asylsøkjarrar og flyktningar som er busette i kommunane og plasserte i statlege barnevernstiltak. Inntektene motsvarar refusjonane som blir utgiftsført på kap. 854, post 65.

Prognosen for 2009 tilseier inntekter på 108,7 mill. kroner, grunna ein auke i talet på einslege, mindreårige asylsøkjarrar med tiltak i det statlege barnevernet.

Departementet føreslår å auke kap. 3855, post 03 med 37,9 mill. kroner.

	(i 1000 kr)
Rekneskap 2008	81 383
Løyving 2009	70 795
Forslag til tilleggsloøyving	37 900

Kap. 3856 Barnevernets omsorgssenter for einslege, mindreårige asylsøkjarrar*Post 04 Refusjon av ODA-godkjende utgifter*

Nokre innanlandske utgifter knytte til mottak av asylsøkjarrar og flyktningar kan, i samsvar med OECD/DACs statistikkdirektiv, godkjennast som offisiell utviklingshjelp. I tråd med tidlegare utrekningar legg BLD til grunn at om lag 74 prosent av utgiftene per plass vil bli godkjend som ODA-midlar. Auken i ODA-godkjende utgifter utgjerr dermed 39 mill. kroner.

Departementet føreslår å auke kap. 3856, post 04 med 39,0 mill. kroner.

	(i 1000 kr)
Rekneskap 2008	135 200
Løyving 2009	254 000
Forslag til tilleggsloøyving	39 000

Barne- og likestillingsdepartementet

tilrår:

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i statsbudsjettet for 2009 under Barne- og likestillingsdepartementet.

Vi **HARALD**, Noregs Konge,

stadfester:

Stortinget vert bedt om å gjere vedtak om endringar i statsbudsjettet for 2009 under Barne- og likestillingsdepartementet i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til vedtak om endringar i statsbudsjettet for 2009 under Barne- og likestillingsdepartementet

I

I statsbudsjettet for 2009 vert det gjort følgjande endringar:

Utgifter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
840		Krisetiltak	
	60	Tilskot til krisesenter, <i>overslagsløyving</i> , vert auka med frå kr 165 000 000 til kr 176 000 000	11 000 000
842		Familievern	
	01	Driftsutgifter, <i>kan nyttast under post 70</i> , vert redusert med frå kr 193 190 000 til kr 192 990 000	200 000
844		Kontantstøtte	
	70	Tilskot, <i>overslagsløyving</i> , vert auka med..... frå kr 1 492 000 000 til kr 1 515 000 000	23 000 000
845		Barnetrygd	
	70	Tilskot, vert auka med..... frå kr 14 720 000 000 til kr 14 800 000 000	80 000 000
846		Forskings- og utgreiingsverksemd, tilskot mv.	
	50	Forskning, <i>kan nyttast under post 21</i> , vert redusert med frå kr 10 996 000 til kr 10 691 000	305 000

Kap.	Post	Formål	Kroner
	72	Tiltak for lesbiske og homofile, vert auka med..... frå kr 7 593 000 til kr 7 898 000	305 000
850		Barneombodet	
	01	Driftsutgifter, vert auka med frå kr 10 383 000 til kr 10 844 000	461 000
852		Adopsjonsstønad	
	70	Tilskot til foreldre som adopterer barn frå utlandet, <i>overslagsløyving</i> , vert redusert med..... frå kr 20 045 000 til kr 13 000 000	7 045 000
854		Tiltak i barne- og ungdomsvernet	
	21	Spesielle driftsutgifter, vert redusert med frå kr 54 393 000 til kr 50 893 000	3 500 000
	64	Særskilt tilskot ved busetting av einslege mindreårige asylsøklarar og flyktningar, <i>overslagsløyving</i> , vert redusert med frå kr 192 863 000 til kr 148 000 000	44 863 000
	65	Refusjon av kommunale utgifter til barneverntiltak knytte til einslege mindreårige asylsøklarar og flyktningar, <i>overslagsløyving</i> , vert auka med..... frå kr 268 910 000 til kr 300 000 000	31 090 000
855		Statleg forvalting av barnevernet	
	01	Driftsutgifter, <i>kan nyttast under post 22 og post 60</i> , vert auka med frå kr 2 985 257 000 til kr 3 128 257 000	143 000 000
	45	Større nyanskaffingar og vedlikehald, <i>kan overførast</i> , vert redusert med frå kr 63 288 000 til kr 32 000 000	31 288 000
856		Barnevernets omsorgssenter for einslege mindreårige asylsøklarar	
	01	Driftsutgifter, vert auka med frå kr 383 911 000 til kr 436 911 000	53 000 000
857		Barne- og ungdomstiltak	
	21	Spesielle driftsutgifter, vert auka med..... frå kr 2 217 000 til kr 2 617 000	400 000
	71	Utviklingsarbeid, <i>kan nyttast under post 50</i> , vert redusert med..... frå kr 10 696 000 til kr 10 296 000	400 000
2530		Foreldrepengar	
	70	Foreldrepengar ved fødsel, <i>overslagsløyving</i> , vert auka med frå kr 12 225 500 000 til kr 12 940 000 000	714 500 000
	71	Eingongsstønad ved fødsel og adopsjon, <i>overslagsløyving</i> , vert auka med..... frå kr 400 000 000 til kr 435 000 000	35 000 000
	72	Feriepengar av foreldrepengar, <i>overslagsløyving</i> , vert auka med frå kr 345 000 000 til kr 360 000 000	15 000 000
	73	Foreldrepengar ved adopsjon, <i>overslagsløyving</i> , vert redusert med frå kr 100 000 000 til kr 70 000 000	30 000 000

Inntekter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
3842		Familievern	
	01	Diverse inntekter, vert redusert med frå kr 900 000 til kr 700 000	200 000
3850		Barneombodet	
	01	Diverse inntekter, vert løyvd med	461 000
3854		Tiltak i barne- og ungdomsvernet	
	04	Refusjon av ODA-godkjende utgifter, vert redusert med frå kr 66 423 000 til kr 44 900 000	21 523 000
3855		Statleg forvalting av barnevernet	
	01	Diverse inntekter, vert redusert med frå kr 40 570 000 til kr 24 500 000	16 070 000
	03	Refusjon for einslege mindreårige asylsøkjjarar og flyktningar, vert auka med.. frå kr 70 795 000 til kr 108 695 000	37 900 000
3856		Barnevernets omsorgssenter for einslege mindreårige asylsøkjjarar	
	04	Refusjon av ODA-godkjende utgifter, vert auka med..... frå kr 254 000 000 til kr 293 000 000	39 000 000

II

Stortinget samtykkjer i at stikkordet *kan overførast* vert lagt til løyvinga under kap. 847 Tiltak for personar med nedsett funksjonsevne, post 71 Tiltak for auka tilgjenge og universell utforming i statsbudsjettet for 2009.